

Kristian Due på prekestolen i kyrkja i Uskedalen.(Foto: Kristian Olav Bringedal).

**- Eg har kjent meg velkomen i Kvinnherad. Her har eg møtt berre openheit og velvilje. Det seier den unge soknepresten som snart har gjort teneste i eit halvår i Uskedalen og Husnes og Holmedal sokn til Kvinnheradmagasinets julenummer.**

Men Kristian Due (27) visste til ein viss grad kva han gjekk til, for han har vore ein sommar på Husnes tidlegare. Det var i 2008 då kona Ragnhild fungerte som prestevikar.

- Då erfarte vi at dette er ein hyggjeleg og positiv plass, seier Kristian.
- Og du har ikkje møtt nokon kritiske merknader om alderen din?
- Nei, slett ikkje. Eg føler slett ikkje at alderen er nokon ulempe eller noko negativt i samband med dentenesta eg skal gjera.

Men kven er han egentleg, Ole Kristian With Due, som er det fulle namnet hans? Dialekta fortel at han har røter nordpå og han er da også født i Bodø. Men dei fyrste 10 åra av livet hans budde familien på Hamarøy der faren var musikkskulelærar og mora organist. Han har ei syster som er 24 og ein bror som er 13.

I 1993 flytta familien til Molde. Etter endt skulegang vart Kristian barne- og ungdomsarbeidar i Biskopshavn menighet i Bergen. Ved sida av jobben pendla han til Volda på vekesamlingar i 1 år og studerte kristendom.

Dermed var grunnsteinen lagtfør det som skulle bli livet hans - prestegjerningen.

- Men grunnsteinen var vel egentleg lagt før. Har du alltid vore ein kristen?
- Eg vaks jo opp i ein kristen heim, men ein må jo ta eit sjølvstendig standpunkt. Det gjorde eg då eggjekk på vidaregåande - etter det ein kan kalla ein modningsprosess. Men eg var ikkje i tvil då valet skjedde.

I 2003 passerte Kristian ein annan svært viktig milepel i livet sitt - han gifta seg med Ragnhild frå Vaksdal og året etter tok dei fatt på teologistudiet saman ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Våren 2009 hadde Kristian fullført utdanninga si medan Ragnhild skal bli prest i 2011 hvis alt går etter planen. Saman har dei Per Kristian som no er 14 månader gamal.

Kristian var i ein periode innkalt som stasjonsprest ved Bodø hovedflystasjon, og han vart ordinert som prest i Bodø Domkyrkje i juli i år.

- Og kvifor vart det Kvinnherad som første tenestestad?
- Vi kunne ikkje flytta frå Vestlandet fordi Ragnhild måtte bli ferdig med studiet i Stavanger. Og då vi i tillegg kjente godt til Husnes var den ledige soknepreststillinga her midt i blinken for våre ynskjemål.


-Korleis er erfaringane så langt?

- Eg har ikke vorte skuffa. Her møter ein folk i alle livsfasar og situasjonar og det karakteristiske er at dei er svært imøtekommande og opne om kva ein kan ha som tema. Her legg dei fram alt det dei har på hjarta. Det gjer det lett å vera prest i dette distriktet.
- Og det er nok av oppgåver å ta fatt på.

- Kjem du til å bli her lenge?

- Det kan eg naturleg nok ikkje svara på i dag, men vi trivst veldig godt i Kvinnherad, og er glade for at vi får vera her.

Av Ola Matti Mathisen



Sokneprest Kristian Due i bedehuset i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)